

- Trekk motsegn om Rabben og Øyro!

13.06.2010



Plassering av campingvognar har vore eit viktig punkt i motsegn-saka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Verksemdsleiar Tormod Fossheim har no på vegne av kommunen bede om at fylkesmannen sine motsegn om Rabben og Øyro vert trekte. Dersom det er ønskjeleg stiller kommune gjerne til drøftingsmøte om saka.

Motsegna som kom for eksakt 2 år sidan var retta mot vegar, parkeringsplassar og oppstillingsplass for campingvognar i friluftsområdet lengst vest i planen. I tillegg rådde fylkesmannen sterkt i frå at planen opnar for herberge og bevertning på dyrka jord og det var også merknadar til den plantekniske framstilling.

Kommunen har drøfta motsegnene med tiltakshavarane. Det har vore sett på ymse løysingar, mellomanna at at campingplassen på området lengst vest vert korttidsplassar, slik at privatiseringa av området vert minimalisert.

Viljen til å oppretthalda prinsippa i planen er imidlertid sterkt. Både dei som har etablert seg på campingplassen, bygdefolk og politikarar har engasjert seg, og alle ser turistanlegga som ein styrke for bygda.

Fossheim peikar på at reguleringsplanen er eit resultat av samarbeid mellom 2 næringsdrivande som tidlegare har utvikla seg uavhengig av kvarandre og utan å samarbeida. På nokre tidspunkt har det også vore konflikt som har vore underlagt forliksbehandling.

Prosessen og reguleringsplanen har oppretta ein balanse mellom dei 2. Dersom det blir endringar i dei grunnleggjande forutsetningane kan også samarbeidet verta skipla, skriv Fossheim.

Kommunen innser at dette ikkje er planfaglege vurderingar, men argumentasjonen er viktig for vidareutvikling av Uskedalssamfunnet.

Av Ola Matti Mathisen